

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.01.2021

Frank Willy Djuvik sette fram slikt forslag til utsetjing:

«Hovudutval for samferdsel og mobilitet utset saka til neste møte. Ein ber om at det vert utgreia ei løysing med raskare fartøy på kystvegekspressen, og at ein vurderer mulige konsekvensar av ei rute nordover til/frå Ålesund etter Stad skipstunnel opnar i 2025. Ein kan vurdere å sjå kystvegekspressen i samanheng med ei framtidig rute mot Ålesund.»

Avrøysting utsetjingsforslag

Djuvik sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall. Saka vart difor realitetsbehandla.

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, A, Krf, MDG, Sp og H fram slike forslag:

«Tillegg punkt 1:

«..., men med følgjande endringar:

- alt drivstoff i kontrakten skal være fornybart. Resterande drivstoff som ikkje vert dekt av nullutsleppsteknologi, skal vere berekraftsertifisert biodrivstoff (ikkje palmeolje, eller biprodukt frå palmeoljeproduksjon).»

«Tillegg punkt 2:

«..., men med følgjande endringar:

- alt drivstoff i kontrakten skal være fornybart. Resterande drivstoff som ikkje vert dekt av nullutsleppsteknologi, skal vere berekraftsertifisert biodrivstoff (ikkje palmeolje, eller biprodukt frå palmeoljeproduksjon).

- Fylkesutvalet føreset at nullutsleppspiloten i det pågåande samarbeidet med Trøndelag vert gjennomført på strekninga for Kystvegekspressen (Florø-Måløy-Selje).»

Frank Willy Djuvik (Frp) sette fram slike forslag:

«Tillegg punkt 2:

Før utlysning skal ein utgreie ei løysing med hurtigare fartøy på Kystvegekspressen.»

«Nytt punkt 7:

Fylkesutvalet ber om at det før utlysning vert utgreia korleis konkurransen kan innrettast slik at det ikkje hindrer framtidige rutekjøp nordover mot Ålesund etter at Stad Skipstunnel opnar.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Hammer sine forslag vart vedteke mot 2 røyster (Frp).

Djuvik sine forslag fekk 3 røyster (Frp og UA) og fall.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet ber om at konkurransen og kontrakten for Rutepakke 1 vert utforma i samsvar med administrasjonen sitt forslag i Vedlegg 1, men med følgjande endringar:

- alt drivstoff i kontrakten skal være fornybart. Resterande drivstoff som ikkje vert dekt av nullutsleppsteknologi, skal vere berekraftsertifisert biodrivstoff (ikkje palmeolje, eller biprodukt frå palmeoljeproduksjon).

2. Fylkesutvalet ber om at konkurransen og kontrakten for Rutepakke 2 vert utforma i samsvar med administrasjonen sitt forslag i Vedlegg 2, men med følgjande endringar:

- alt drivstoff i kontrakten skal være fornybart. Resterande drivstoff som ikkje vert dekt av nullutsleppsteknologi, skal vere berekraftsertifisert biodrivstoff (ikkje palmeolje, eller biprodukt frå palmeoljeproduksjon).

- Fylkesutvalet føreset at nullutsleppspiloten i det pågåande samarbeidet med Trøndelag vert gjennomført på strekninga for Kystvegekspresen (Florø-Måløy-Selje).

3. Fylkesutvalet ber om at produksjonsvolumet for Rutepakke 2 vert dimensjonert i samsvar med kva kommunar som har signert intensjonsavtale om kommunale tilleggskjøp før konkurransekunngjering.
4. Fylkesrådmannen gis fullmakt til å kunngjere konkurransane i samsvar med punkta 1, 2 og 3. Konkurransane omfattar eit hovudtilbod med delvis nullutsleppsteknologi og ein opsjon om kortvarig konvensjonell drift. Fylkesrådmannen gis fullmakt til å tildele og signere slike kontraktar etter endt konkurranse.
5. For fylkesutvalet vil bruk av nullutsleppsteknologi avhenge av at fylkeskommunen mottek tilstrekkeleg støtte frå verkemiddelapparatet og statleg medfinansiering. Fylkesutvalet ber politisk og administrativ leiing drøfte med sentrale styresmakter korleis dei nasjonale og regionale ambisjonane om utsleppskutt kan verte finansiert. Finansieringssituasjonen må avklarast før fylkeskommunen tek endeleg stilling til bruk av hovudtilbod eller opsjon.
6. Etter kontraktsignering, når kostnadene er kjend og finansieringssituasjonen er avklart, kjem fylkesrådmannen attende til fylkesutvalet med framlegg til bruk av hovudtilbodet (delvis nullutsleppsteknologi) eller opsjonen (kortvarig konvensjonell drift). Dette må skje før det gjerast større investeringar i fartøy eller på landside.